



KYSTVERKET

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref
202409410-6

Vår ref
2024/4087-2

Arkiv nr

Sakshandsamar
Tormod Hjørungnes Engen


Dato
11/10/2024

Fråsegn ved høyring av melding om ny 132 kV kraftline frå Namsos S til Rørvik og Daltrøa transformatorstasjon - Trøndelag fylke

Vi viser til dykkar høyringsbrev av 30.08.2024 som gjeld ovannemnde.

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og Fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsla på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «lov om havner og farvann.» Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennlig bruk av hamn og farvatn, samstundes med omsyn til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Vår vurdering



Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>


Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766

Nettselskapet Tensio skal til med prosjektering av ei ny 132 kV kraftline mellom Namsos og Rørvik langs ein om lag 65 km lang trase. NVE skal fastsette eit utgreiingsprogram for tiltaket og ber sektoretatane om innspel på problemstillingar som røyver ved eller får konsekvens for deira sine sektoromsyn.

Som nemnt er Kystverket oppteken av trygt og framkomeleg farvatn i for sjøtransporten, ei problemstilling som i dette tilfelle er aktuell der kraftlinja kryssar fjordarmar og sjøstykke der båtar og fartøy til vanleg ferdast. Slik kraftlinja er skissert i høyningsbrevet har vi identifisert seks slike sjøstykke, der eitt vert kryssa med sjøkabel og fem med luftspenn.


Sjøkabel

Over Rørviksundet vil lina verte lagt i ny sjøkabel. Her vil Kystverket måtte handsame tiltaket etter § 14 i hamne- og farvasslova. Det vil difor vere formålstenleg at sjøkabelen vert utgreidd i høve ulike interesser og forhold som Kystverket tek med i si vurdering om ein skal gje løyve til tiltaket eller ikkje. Det seg vere nautiske omsyn som ferdslle, farlei og ankring, fiskeriinteresser, arealplan, marine/maritime kulturminner, forsvars- og beredskapsinteresser, natur og miljø og andre sjøkablar og sjøleidningar i traseen.




Luftspenn

På dei 5 sjøstykka som vert kryssa med luftline vil det i hovudsak vere høgda på luftspennet eller «sikker vertikal klaring» mellom vassflate (høgst astronomiske tidevatn HAT) og leidningane/fasane som må avklarast, då dette vil vere dimensjonerande for kva type fartøy og storleiken på desse som kan segle i farvatnet. Vi ser at den nye 132 kV lina i stor grad vil gå parallelt med eksisterande lokal 66 kV line som allereie har etablert luftspenn over 4 av desse sjøstykka og som då allereie er dimensjonerande for sjøtrafikken.



Vi ser ikkje grunn å krevje ytterlegare utgreiing av konsekvensane for sjøtrafikken på desse sjøstykka med mindre «sikker vertikal klaring» eller høgda på luftspennet vert lågare enn det som allereie er etablert og anført i gjeldande sjøkart. Dette vil og gjelde om nye modellar for utrekning av «sikker vertikal klaring» med omsyn til maksimal islast, vindlast, temperatur og spenningsvern ikkje fører til lågare høgde enn det som allereie er etablert i sjøkartet. Vert «sikker vertikal klaring» mindre eller lågare må konsekvensane for sjøtrafikken utgreiaast.

Det eine sjøstykket fritt for luftspenn som den nye 132 kV lina vil kome til å krysse er Valvågen. Her er korkje farlei eller stor nyttetrafikk, men vågen er ein god ankringsplass og vi må be ei vurdering eller utgreiing på kva innverknad luftspennet vil få for den type ferdslle som nyttar dette farvatnet.



Vi gjer merksam på at også luftspenn over sjø og fjord er søknadspliktig etter hamne- og farvasslova § 14 med Kystverket som myndesutøvar.

Med helsing

Ruben Alseth
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Nærøysund kommune	Postboks 133, Sentrum	7901	RØRVIK
Namsos kommune	Stavarvegen 2	7856	JØA
Overhalla kommune	Administrasjonsbygget, Svalivegen 2	7863	OVERHALLA